



ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR FJORDVEGEN RUTE 13 2021

ÅRSMØTET VART HALDE:
Dato: Onsdag 26.05.2021
Tid: 09.00-11.00
Stad: Meet, nettmøte

Årsmøtedeltakarar: 2021

Medlem	Namn	Fullmakt
1 Stavanger kommune	Bjarne Kvadsheim	x
2 Ulvik herad	Thore Hopperstad	x
3 Strand kommune	Irene Heng Lauvsnes	
4 Hjelmeland kommune	Anita Husøy Riskedal	x
5 Suldal kommune	Gerd Helen Bø	
6 Ullensvang kommune	Roald Aga Haug	
7 Eidfjord kommune	Anders Vatle	
8 Voss herad	Sigbjørn Hauge	x
9 Sogndal kommune	Arnstein Menes	
10 Vik kommune	Roy Egil Stadheim	
11 Vestland fylkeskommune	Jannicke Bergesen Clarke	x
12 Rogaland fylkeskommune	Arne Bergsvåg	x
13 Hardangerrådet iks	Jostein Eitrheim	x
14 Ryfylke iks	Øyvind Lundbakk	
15 Hardanger Industri	Øyvind Stueland	
16 Vik Næringsssamskipnad	Åslaug Stadheim Ese	
17 Energiselskapet Hardanger	Erlend Nordnes	

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Trude L. Rinaldo og Hanne Sundbø

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Årsmøtesak 01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling skal skje med minst 2 vekers varsel. Innkalling med sakliste til møte med saksutgreiing og vedlegg er sendt 06.05.2021 . Saklista er i tråd med § 5 i gjeldande vedtekter. Styret sine tilrådingar er gjort i styremøte 27.04.2021.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Årsmøtesak 02/21 Val av møteleiar og 2 utsendingar til å skriva under protokollen Framlegg på årsmøtet.

Vedtak:

Møteleiar: Gerd Helen Bø

Utsendingar til å skriva under protokollen:
Thore Hopperstad

Åslaug Stadheim Ese

Årsmøtesak 03/21 Årsmelding med revidert rekneskap for 2020

Styregodkjent Årsmelding og Rekneskap med Revisormelding for 2020 er vedlagt. Budsjettet 2021 for Fjordvegen Rute 13 er delegert til styret.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Rute 13 for 2020 vert godkjent slik det ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Rute 13 for 2020 vert godkjent slik det føre. Underskot kr 36.735 vert dekkja av eigenkapitalen.

Årsmøtesak 04/21 Fastsetjing av kontingent 2022

Det vart presisert at medlemskategori 6 inkluderar enkeltpersonar og andre som vil støtta arbeidet i Fjordvegen Rute 13.

Vedtak:

Kontingent 2022 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 45.000
Medlemskategori 2: Næringssekskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssekskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter med inntil 5 tilsette/ Andre	kr 1.000
Medlemskategori 7: Vestland fylkeskommune	kr 200.000
Medlemskategori 8: Rogaland fylkeskommune	kr 120.000

Årsmøtesak 05/21 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2022-2024

I tråd med Vedtekter § 5 skal Årsmøtet vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år. Styret legg dei konkrete tiltaksplanane for profilering og for påverknad denne til grunn for arbeidet.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2022-2024 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.
2. Styret sitt framlegg til langtidsbudsjett 2022-2024 vert vedteke slik det ligg føre.

Årsmøtesak 06/21 Endring i vedtekter for Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13

Vedtak:

Framlagd utkast til nye vedtekter vert vedtekne som Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 sine rev. vedtekter pr 26.05.2021.

Årsmøtesak 07/22 Val

a) Val av styremedlemmer for 2 år 2021 - 2023.

Roald Aga Haug føreslo Ingvald Torblå som ny 1.vara til styret. Han vart vald av årsmøtet.

Styremedlemmer:

Sigbjørn Hauge attval for 2 år

Roald Aga Haug attval for 2 år

Bjørn Laugaland vald for 2 år

Varamedlemmer i rekkefølge valde for 1 år:

1. Ingvald Torblå, Hardanger Industri
2. Solfrid Borge
3. Roy Egil Stadheim, Vik kommune

b) Val av leiar og nestleiar 2021/2022:

Desse skal veljast kvart år. Framlegg i årsmøtet

Val:

Leiar: Gerd Helen Bø

Nestleiar: Sigbjørn Hauge

c) Val av Valnemnd:

Årsmøte påpeika at ein ved neste val bør ha ei betre kjønnsfordeling og gjev valnemnda i oppgåve å sjå til det.

Valnemnd 2022:

Kari Vaage Gjuvsland, leiar

Frode Bøthun

Bjarne Kvadsheim

Årsmøtesak 08/21

Innkomne saker

Det er ikkje registrert innkomne saker

Årsmøteprotokollen godkjent:

.....
Gerd Helen Bø

.....
Thore Hopperstad

.....
Åslaug Stadheim Ese